



HJELMELAND  
KOMMUNE



# ÅRSPLAN FOR SFO VED FISTER SKULE 2024/2025

## Innhald

1.	Innleiing .....	3
2.	Styrande lovverk, vedtekter og planar .....	3
3.	Verdigrunnlaget til SFO .....	4
4.	SFO sitt innhald.....	4
4.1.	Leik.....	5
4.2.	Kultur .....	5
4.3.	Fysisk aktivitet og bevegelsesglede .....	6
4.4.	Mat og måltidsglede .....	6
5.	Samarbeid med heimen .....	6
6.	Praktisk informasjon.....	7
6.1.	Tilsette i SFO .....	7
6.2.	SU – samarbeidsutvalet .....	7
6.3.	Foreldresamarbeid.....	7
6.4.	Plan for aktivitetar hausten 2024 .....	8
6.5.	Plan for aktivitetar våren 2025 .....	9
6.6.	Opningstid.....	10
6.7.	Kor møter me om morgonen og ettermiddagen? .....	10
6.8.	Dagsrytmen, timeplan og rutinar.....	10
6.9.	Klede .....	10
6.10.	Kontaktinformasjon til SFO .....	10

## 1. Innleiing

Vår visjon på skulefritidsordninga er «*SFO – Trygg og god*», og me følgjer også skulen sin visjon «*Ein levande og trygg skule der det går an å veksa fagleg og personleg*». Me skal heile tida arbeida for at SFO er ein plass der barna føler seg inkluderte, trygge og at dei vert sett. Me skal sjå og utvikla det beste i kvart enkelt barn. Me har som mål at alle barn skal trivst og ha venner.

SFO nyttar same lokalar som skulen, og er ein del av skulen sitt læringsmiljø der vennskap og leikprega aktivitetar er viktige ingrediensar. Dei tilsette er viktige støttespelarar for å leggja til rette for dette. Me er også opptekne av å etablera eit tett og godt samarbeid med føresette.

## 2. Styrande lovverk, vedtekter og planar

[Opplæringslova § 4-5 Skolefritidsordning](#) pålegg skulen å ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for 1.-4. trinn og for barn med særskilde behov på 1.-7. trinn. Den seier også noko om mellom anna innhald og tilrettelegging.

[Kapittel 12 Skolemiljøet til elevane](#) i opplæringslova gjeld også for SFO. Den omhandlar barna si rett til eit trygt og godt psykososialt og fysisk skolemiljø.

[Rammeplan for SFO \(2021\)](#) gir nasjonale føringar for kva verdigrunnlag og kva innhald skulefritidsordninga skal og bør ha.

[Vedtekter for Hjelmeland kommune sine skulefritidsordningar](#) er utarbeida i tråd med § 4-5 i opplæringslova.

**Internasjonale konvensjonar** gjeld og for SFO, slik som [FN sin barnekonvensjon](#) om barna sine rettar, og [ILO-konvensjonen](#) nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.



### 3. Verdigrunnlaget til SFO

*SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa. Verdigrunnlaget skal verte formidla og praktisert i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtane. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Verdigrunnlaget rammeplanen til SFO legg som føring består av følgjande:

- ❖ Barndommen sin eigenverdi
- ❖ Tryggleik, omsorg og trivsel
- ❖ Mangfald og inkludering
- ❖ Skaparglede, engasjement og utforskarkrong
- ❖ Demokrati og fellesskap
- ❖ Berekraftig utvikling



#### **Verdigrunnlaget skal kome til syne i innhald og arbeidsmåtar på vår SFO.**

SFO Fister har stor vekt på barndommens eigenverdi, ungane sitt engasjement og trivsel er det som er viktigast for oss. For at barna skal trivast, må dei føle seg trygge. Ved å lytte til ungane, gi dem rom og anerkjenne deira førelsar, kan me vise vår omsorg. Me har alltid eit fang å sitte på for dei som har behov. Det er viktig at me har god relasjonskompetanse overfor barn og i foreldresamarbeid.

Me rettleier og trygger barna i leiken eller aktivitetene. Gjennom aktivitetane og turane vi har på SFO kjem både demokrati, fellesskap, berekraftig utvikling, mangfald og inkludering til uttrykk. På Fister SFO skal ha alle føle seg inkluderte! Me hiv ikkje plastikk i naturen, me tar omsyn til flora og faunaen i naturen, me er flinke til gjenbruk i formingsaktivitetar, noko som også kan stimulere til skaparglede, engasjement og utforskarkrong. Vår positiv haldning ovanfor barnas innspel, gir dem moglegheit til å påverke sin kvardag på SFO. Me seier ja så langt me kan, og ønsker å tilpassa aktivitetar til alle i barnegruppa. Viktig for oss er å vektlegge at også barna er ressurssterke personar med evner til å få og gi omsorg til kvarandre. Kvar og ein elev har eigen kompetanse innan dei ulike verdigrunnlaga som me må støtte og utvikle vidare.



### 4. SFO sitt innhald

*SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med forskjellig funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggja til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke.*

*SFO skal ivareta barna sine interesser og introdusera nye aktivitetar. I tillegg til sjølv å tilretteleggja for aktivitetar kan SFO samarbeida med kulturskulen, lokale lag, foreiningar og organisasjonar for å gjennomføra og organisera innhaldet og aktivitetane. (Utdrag frå Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

#### **Digitale ressursar**

*Når digitale ressursar vert nytta i SFO, skal det skje på ein hensiktsmessig og forsvarleg måte, og slik at det kan stimulera barn til utforskande, kreativ og skapande samhandling. Det er SFO sitt ansvar å ivareta barna sin sikkerheit og tryggleik på nett, og at reglar for personvern vert følgde. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Elevane frå tilbod om å bruke læringsbrettet ca. 2x i månaden. Me har fokus på at ungane skal kunne nytte til dømes digitale verktøy til å lage eigne biletet, eventuell dokumentere eigen kvardag i ulike samanhengar på ein forsvarleg og utforskande måte. Barna likar å spele Minecraft i lag. Når dei spelar saman i dei same verdene, får dei både øvd på nettvett, men også sosial samhandling. Dette er ein

aktivitet som og fremmer evne til programmering, algoritmisk tenking og sosial kompetanse. Hjå oss er det viktig at flest mogleg får delta og at dette er ein aktivitet som me har lagt opp til på ein pedagogisk måte.

Me har lysbord og ulike lysblokker til SFO som kan være eit artig supplement til ulike leikar. Det fremmer både utforsking, fantasi, leik, kunst og kultur, og matematisk tenking.



## 4.1. Leik

*Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal tilrettelegge for og støtte opp om, at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.*  
(Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

Barna er kroppslege, og leiken er deira væremåte. Det er berre barna som bestemmer kva som er leik for dei. Leiken i seg sjølv har ein eigenverdi. Barna leikar for å leike. OG vår viktige oppgåve er å legge til rette for at barna har rom og tid til den viktige leiken. Når vi kan legge til rette på gode måter, hjelper vi barna i vennskaps- og relasjonsbygging, og i språkutviklinga. Vi kan pirre fram både undring og kreativitet. Me vaksne kan bidra ved å vere rekvisitør, observatør, leikeleiar, leikekamerat og mykje meir.

Me er opptekne av å ha eit godt og variert utval av utstyr, leiker og spel. Me er heldige som har eit variert og flott uteområde ved Fister SFO. Her er det tarzanjungel, ballbinge, zipline, rutsjebane, klatretårnet og reiler. Sandkassa, buskar og trær inviterer også til leik. Nærrområdet brukast til tur på fredagar. Inne har me SFO- rommet, kjøkken og gymsalen som me nyttar.



## 4.2. Kultur

*Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggja til rette for at barna får delta i forskjellige kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO gi støtte til at barna får skapa sine eigne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykkje seg på, slik at mangfaldet i barnegruppa vert representert. SFO skal bidra til at barna møter samisk kultur.*

(Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

På Fister SFO er me opptatt av at elevane kan uttrykke seg på ulike estetiske måtar, om det er gjennom musikk, forming, dans eller drama. Nokre elevar likar å vere skapande gjennom formingsaktivitet, andre finn sin kunstnariske uttrykk i rollelek/ dramatisk leik. Utgangspunktet vårt er at dei fleste aktivitetane er elevstyrte og frivillige, men me ønsker å supplere med inspirasjon ved å høre på musikk, sjå på film, lage rekvisittar til rollelek og gjer utkledningsklede tilgjengeleg for elevane sin skapande verksemd. Me tilbyr ulike materiale for at barna skal kunne gi uttrykk for eigen fantasi og skaparglede, men me støtte frå dei vaksne.

Den samiske kulturen ynskjer me å markera i samanheng med samane sin nasjonaldag 6.februar 2025.



### **4.3. Fysisk aktivitet og bevegelsesglede**

*SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremja barna si bevegelsesglede og motoriske utvikling. SFO skal leggja til rette for at alle barn får delta i variert bevegelsesleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør leggja til rette for aktivitetsformer som kan bidra til bevegelsesglede, og som oppstår i leik saman med andre barn. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Ved Fister SFO er me mykje ute og leikar. Fokuset vårt er at det er kjekt å være ute og me gir mykje rom for leiken. Nokre gonger legg me opp til fellesleikar der me vil at alle er med, både barn og vaksne. Ofte får ungane sjølv velje kva, kven og korleis dei leiker ute. Andre gonger hjelper me dei i gong eller kjem med forslag. Klatretårnet, tarzanjungelen, zipline, buskar og trær er gode plasser å leike i. Målet vårt er å vere så mykje som mogleg ute, men me tek hensyn dei dagane dei har vore mykje ute på skulen eller mange er våte og leie. Då har me aktivitet inne. Me har tross alt både klatrehole og gymsalen inne. Når me er i gymsalen varierer leiken mellom frileik, vaksenstyrt leik (regelleik) eller elevstyrte aktivitetar.



### **4.4. Mat og måltidsglede**

*SFO skal leggje til rette for daglege måltider som gir barna grunnlag for å utvikla matglede, fellesskapskjensle og gode helsevaraner. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å eta i løpet av tida dei er på SFO. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Måltidet er og har alltid stått sterkt hjå oss ved Fister SFO. Det at barna får eit godt måltid og ei kjekke felles oppleveling er det viktigaste. Mange gangar har elevar lyst til å vere med å lage mat, og det får dei lov til! Me legg opp til eit varmt måltid i veka. Me har også starta med at dei får velje varmmat (inn forbi gode rammer). Dette året har me varmmat på tysdagar. På onsdagar skal me tilby eit godt fruktmåltid med yoghurt, supplert med havregryn / granola el.l. Dei andre dagane har me vanleg, sundt norsk brødmåltid. Dei som har behov for å ete om morgonen tek med seg nistepakke. På fredagar startar me SFO-dagen med nistepakke-måltidet. Me vil og nokre gonger bruke uteområdet vårt for å kose oss med eit varmt måltid lagt på bål.



### **5. Samarbeid med heimen**

*Hensynet til barna sitt beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skule, barnehage og andre offentlege instansar. (Rammeplan for SFO: 2021).*

SFO har som mål å ha eit tett og godt samarbeid med føresette. Føresette skal vera trygge på at barna har det trygt og godt på SFO. For å oppnå det legg me til rette for å etablera ein open og god dialog, både i det daglege i bringe- og hentesituasjonen, og på foreldremøte.

Me forventar at føresette snakkar positivt om skulen og SFO til barna sine, og tek opp usemje direkte med SFO.

Fister SFO ønsker info frå føresette (helst før kl. 8:15):

- melding på IST ved fråvær og korte beskjedar (ikkje sensitiv informasjon)
- melding på IST om nokon andre enn føresette hentar (faste avtalar er mogleg!)

Skulen sitt samarbeidsutval og skolemiljøutval tek opp tema som omhandlar SFO si verksemd. Der bør det sitja ein representant med barn i SFO, som kan ta opp tema som omhandlar SFO på vegne av foreldregruppa.

## **6. Praktisk informasjon**

På heimesida til Hjelmeland kommune finn du informasjon om SFO:

<https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skulefritidsordning-sfo/>.

Der finn du m.a informasjon om:

- Prisar på SFO
- Informasjon om og søknadsskjema til redusert foreldrebetaling
- Opningstider
- Informasjon om den enkelte SFO (under «Finn SFO»)
- Vedtekter
- Ferie- og plandagar

Lenke til oppvekstportalen, kor ein m.a. søker om endring av opphaldstid og oppseiing av plass:

<https://hjelmeland.ist-asp.com/NO01133-pub/login.htm>. Føresette logger seg inn i

oppvekstportalen, og går inn på plasseringa til barnet. Her vil de finne moglegheit for å seie opp plass eller endre plasstype.

### **Opningstider og feriedagar**

SFO har ope alle vyrkedagar i 11 månadar, med unnatak av 5 plandagar. På kommunen sine nettsider finn ein skulerute for skuleåret inkl. plandagane.

SFO er også stengt 4 veker i juli. I dei andre feriane er SFO open dersom det er minst tre barn på SFO.

Ved for få barn (1-2), kan desse barna få tilbod om plass i ein annan SFO dei aktuelle dagane.

Påmeldingsskjema for ferien blir sendt ut gjennom IST nokre veker i forkant av ferien.

### **6.1. Tilsette i SFO**

Anja Krause (leiar)

Elise Østerhus Førre

Kristin Randa Rognlien

Berit Østerhus Søvik

Våre fast vikarar dette året: Roger Frafjord, Jana Lippek, og Kjersti Skorge

### **6.2. SU – samarbeidsutvalet**

Dersom foreldra har saker angående SFO som dei vil ta opp i samarbeidsutvalet, er det mogleg å ta det opp med SFO - leiar, rektor eller foreldrerepresentantane frå skulen.

### **6.3. Foreldresamarbeid**

Personalet evaluerer arbeidet sitt kontinuerleg. Me ynskjer at samarbeidet mellom foreldre og dei tilsette i SFO skal være prega av openheit. For at dette skal fungere best mogleg treng me tilbakemeldingar frå brukarane våre som er barn og føresette. Ta kontakt om stort og smått. Me vil ha lågast mogleg terskel for å ta opp ting.

## 6.4. Plan for aktivitetar hausten 2024

Månad	Aktivitetar
August	<p>Skape trygghet for barna og bli kjent med barn og voksne i SFO</p> <p>Bli kjent med skulen, SFO og uteområdet, og nærområdet</p> <p>Gå tur til sjø, observere liv i flo og fjære</p>
September	<p>Sende ut påmelding til haustferien 2.9, frist: 15.9.</p> <p>Fysisk aktivitet: tur, leik ute, leikar i gymsalen</p> <p>Kultur: lage bursdagskalender</p> <p>Måltidsglede: Mat ute, lage mat saman med barna</p>
Oktober	<p>Haustferie 7.10 - 11.10.</p> <p>Fysisk aktivitet: tur, leik ute, leikar i gymsalen</p> <p>Kultur: lage bursdagskalender, lesing, tema skumle tider, samle haustblader til formingsaktivitet</p> <p>Måltidsglede: lage mat saman, lage mat ute</p>
November	<p>Sende ut påmelding til juleferien 18.11. Frist: 1.12.</p> <p>Fysisk aktivitet: tur, leik ute, voksen- og elevstyrt leik i gymsalen</p> <p>Kultur: juletradisjonar (forming, baking)</p> <p>Måltidsglede: baking av peparkakehjarte til julekalenderen</p> <p>Plandag 15.november, skule og SFO stengt</p>
Desember	<p>Juleferie 20.12. - 1.1.</p> <p>Fysisk aktivitet: tur, leik ute, voksen- og elevstyrt leik i gymsalen</p> <p>Kultur: juletradisjonar (forming, baking), julebord</p> <p>Måltidsglede: julebakst</p> <p>Plandag 2.1. - SFO er stengt</p>

## 6.5. Plan for aktivitetar våren 2025

Månad	Aktivitetar
Januar	<p>Påmelding til vinterferien 20.januar (24. februar – 28.februar), frist 2.2.</p> <p>Temamånad naturvitenskap (eksperimenter med vatn, lys og lyd)</p> <p>Fysisk aktivitet: tur, vinterleik ute, vaksen- og elevstyrт leik i gymsalen</p> <p>Besøk av dei som skal begynne på skulen neste skuleår.</p>
Februar	<p>Samenes nasjonaldag 6.2.</p> <p>Fysisk aktivitet: tur, vinterleik ute, vaksen- og elevstyrт leik i gymsalen</p> <p>Kultur: Musikkleik og dramaleik, utkledningsdag</p> <p>Måltidsglede: bake fastelavnsbollar og lage mat relatert til samisk tradisjon</p> <p>Besøk av dei som skal begynne på skulen neste skuleår</p>
Mars	<p>Påmelding påskeferie 10.mars (14.april – 21.april), frist 23.mars</p> <p>Fysisk aktivitet: tur, leik ute, vaksen- og elevstyrт leik i gymsalen</p> <p>Kultur: Musikkleik og dramaleik</p> <p>Måltidsglede: lage mat ute, lage mat saman</p> <p>Forkultivere nokre grønsaker/krydder/urter</p> <p>Besøk av dei som skal begynne på skulen neste skuleår.</p>
April	<p>Påmelding sommarferien 31.mars, frist 20.april</p> <p>Påmelding til 2.mai (friday på skulen, SFO open), 7.april med frist 13.april</p> <p>Fysisk aktivitet: tur, leik ute, vaksen- og elevstyrт leik i gymsalen</p> <p>Kultur: forming relatert til påske</p> <p>Måltidsglede: påskelunsj</p> <p>Forkultivere nokre grønsaker/krydder/urter</p> <p>Besøk av dei som skal begynne på skulen neste skuleår.</p>
Mai	<p>Temamånad: småkryp (lage skrukketrollterrarium)</p> <p>Fysisk aktivitet: tur, leik ute</p> <p>Kultur: forming relatert til 17.mai</p> <p>Besøk av dei som skal begynne på skulen neste skuleår.</p> <p>1.5. stengt</p> <p>2.5. friday skule, SFO open</p> <p>29.5. Kristi Himmelfartsdag</p> <p>30.5. plandag skule og SFO</p>
Juni	<p>Fysisk aktivitet: tur, sykkeldag på SFO</p> <p>Kultur: forming relatert til sommar og uteaktivitetar</p> <p>Måltidsglede: sommarlunsj</p> <p>Første feriedag: 23.juni</p>
Juli	SFO er stengt: 30.juni - 27.juli

## **6.6. Opningstid**

SFO er open frå kl. 07.30 – 08.30 om morgonen og frå skuleslutt - 16.15.

## **6.7. Kor møter me om morgonen og ettermiddagen?**

Om morgonen skal barna møte på SFO-rommet. Der held me på med rolege inneaktivitetar. Dei som vil, tek med seg niste og et den når dei kjem om morgonen. Når skulen er slutt møter barna 3.-4.klasse i foajeen for oppteljing, 1.-2.klasse møter i sin garderobe for oppteljing.

## **6.8. Dagsrytmen, timeplan og rutinar**

Både om morgonen og ettermiddagen tek me ei oppteljing kven som er på SFO. På ettermiddagen tek me oppteljinga i garderoben/foajeen.

### **Timeplan SFO**

<b>07:30 til 08:30</b>	<b>Ete nistefrukost. Rolege inneaktivitar. Barna ryddar kl.08:20 og har friminutt ute fram til 08:30.</b>				
<b>08:30</b>	Skulen startar				
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	
13:55 <b>SFO startar</b> Oppteljing Brødmåltid Aktivitetar (sjekk månadsplan) Rydding <b>16:15 SFO sluttar</b>	13:10 <b>SFO startar</b> Oppteljing Friminutt 13:45 Varmmat Aktivitetar (sjekk månadsplan) Rydding <b>16:15 SFO sluttar</b>	13:55 <b>SFO startar</b> Oppteljing Yoghurt og frukt Aktivitetar (sjekk månadsplan) Rydding <b>16:15 SFO sluttar</b>	13:55 <b>SFO startar</b> Oppteljing Brødmåltid Aktivitetar (sjekk månadsplan) Rydding <b>16:15 SFO sluttar</b>	10:55 <b>SFO startar</b> Oppteljing Nistepakke Aktivitetar (sjekk månadsplan) 13:30 brødmåltid Aktivitetar (sjekk månadsplan) Rydding <b>16:15 SFO sluttar</b>	

## **6.9. Klede**

Alle klede må merkast med namn. Pass på at barna alltid har det som trengst av sko og klede for å kunna vera ute. Me er ute kvar dag på SFO. Dei tilsette hjelpt til med å fortelja kva som er rett påkledning i forhold til været.

## **6.10. Kontaktinformasjon til SFO**

Du kan ringja til SFO i opningstida.

SFO mobil: 404 39 219

SFO-leiar: Anja Krause

E-postadresse: [anja.krause@hjelmeland.kommune.no](mailto:anja.krause@hjelmeland.kommune.no)